



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2945 - 17/4958

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
13.03.2017

Høyring - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for oppføring av hytte på Fløksand, gbnr 5/93.

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå Rune Nilsen om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF– , jf plan- og bygningslova § 19- 2, for oppføring av hytte på Fløksand, gbnr 5/93.

Utval for drift og utvikling ga i møte 15.03.2011 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bygging av bustad på eiegen. Vedtaket vart påklaga av Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune tok klage til følgje.

Statens vegvesen har i skriv dagsett 14.12.2016 gjeve førehandsuttale om at utvida bruk av eksisterande avkøyring frå Fv 564 til hytte på gbnr 5/93 kan påreknast.

Planstatus:

Eiegen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for bygging av fritidsbustad, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side.

I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå LNF-område

Kart

16_148100-2Forhåndsuttale om avkjørsel - Hyttebygging - fv. 564 - gnr. 5 bnr. 93 - Meland kommune

5-93 1_1000

5-93 1_3000

Kopi til:

Rune Nilsen

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og samfunnsplanavd.	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavd.	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER